

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-044	23/516

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023

## Drøfting om evaluering av politisk styringsstruktur og delegeringsreglementet i Masfjorden kommune

### Vedlegg:

Journalposttittel Dato  
Saksframlegg delegeringsreglement Masfjorden kommune - sak i  
kommunestyret den 24.06.2021 23.05.2023

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting, for å avklara behovet for evaluering og eventuelt vidare prosess

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Gjeldande politiske styringsstruktur har i stor grad vore uendra sidan 2012. Sjølve delegeringsreglementet for Masfjorden kommune vart sist handsama i kommunestyret i sak 029/2021. Då vart det gjort følgjande vedtak:

*«Masfjorden kommunestyre vedtek delegeringsreglement med dei delegeringane til politiske råd og utval som følgjer av vedlegga i saka, men formannskapet skal være endeleg klageorgan i bygge og delingssaker. Alt anna er delegert rådmannen.*

*Det vert vist til dokument vedlagt saka.*

*Heimelen for vedtaket er kommunelova sin § 5-3, 3 ledd om intern delegering.  
Delegeringsreglementet vert gjort gjeldande frå 01.08.2021.*

*Rådmannen får fullmakt til å revidera reglementet ved behov.»*

Heile saksframlegget i sak 029/2021 vert lagt ved saka.

## **Vurdering**

Det er vanleg å drøfta/ evaluere gjeldande politiske styringsstruktur og delegeringsreglement i slutten av ein kommunestyreperiode.

Samstundes vil ein understreke at dette i stor grad er eit politisk dokument, der heile styringsstrukturen i Masfjorden kommune vert definert med omsyn på kva roller og ansvar formannskapet og utval i kommunen skal ha, og kva rådmannen skal få delegert frå kommunestyret.

Delegering frå kommunestyret er heimla i kommunelova sin § 5-3, 3 ledd, der det står: Kommunestyret og fylkestinget kan delegere myndighet til å treffe vedtak til andre folkevalgte organer, ordføreren eller kommunedirektøren innenfor rammene av denne loven eller annen lov

Delegeringsreglement i Masfjorden kommune er lagt opp slik at mykje av det som kan delegerast er delegert. Delegert mynde kan når som helst trekkjast tilbake, og delegerande organ kan sjølv treffe vedtak i saken. Delegerande organ kan gje instruks, overprøve og omgjøre underordna organ sitt vedtak innafor ramma av forvaltningslova § 35. Dette tyder at sjølv om kommunestyret har delegert mynde til formannskapet, eit utval, råd eller rådmann, så kan dei framleis etterspørje informasjon, be om rapporteringar eller fatte bindande vedtak i saker også der mynde er delegert.

Delegeringsreglementet skal vera tilgjengeleg på intranettet for dei tilsette. For at publikum og politikarane skal kunne setja seg inn i dokumentet skal delegeringsreglementet og liggja tilgjengeleg på heimesida til Masfjorden kommune.

Noverande politiske styringsstruktur og neverande delegeringsreglement er svært likt det som vart bestemt i 2012. Den viktigaste endringa som kom til i sak 029/2021 er kva ansvar utval for teknisk, miljø og landbruk skal ha. Samstundes vart det vedteke at formannskapet skal vera klageorgan i byggje- og delingssaker.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at saka vert drøfta politisk.

## **Formannskapet - 056/2023**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ønskjer at ein kan drøfte dette i kommunestyret etter at tema er drøfta i dei einkilde partia i forkant av møtet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart vedteke..

### **FS - vedtak:**

Formannskapet ønskjer at ein kan drøfte dette i kommunestyret etter at tema er drøfta i dei einkilde partia i forkant av møtet.

